

# Oppsummering av merknadar ved offentleg ettersyn

## Detaljreguleringsplan for Breivika småbåthamn

Det har komme inn merknadar frå:

### Myndigheter statlige og regionale

Fiskeridirektoratet

Kystverket

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)

Statens vegvesen (SVV)

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

Møre og Romsdal fylkeskommune

Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB)

Mattilsynet

### Private

1 privatperson

Avsendar og dato	Oppsummering av merknad	Kommentar frå forslagsstillar
<i>Fiskeridirektoratet, 04.11.2022</i>	Fiskeridirektoratet poengterer at planforslaget går betydelig lengre ut i sjøen og er ca. dobbelt så stort i sjø som det skisserte området ved varsel om planoppstart.	Planforslaget som vart lagt fram for offentlig ettersyn går lenger ut i sjøen enn det skisserte området ved varsel om oppstart. Det vart difor varsla, parallelt med offentlig ettersyn, om utvida planområde i samsvar med plan og bygningslova § 12-8. Ved varsel om oppstart hadde man ikkje konseptet klart. Undervegs i prosessen ble det klart at man trengte å utvide arealet dersom man både skulle få til nytt landareal og en småbåthamn på innsida av det nye landarealet.

<p>Fiskeridirektoratet opplyser om at oppgitt størrelse på utfyllingen i sjø varierer i dokumentet «Konsekvensutredning Naturmangfold – sjø» (ca. 27 000 m<sup>2</sup> og 37 000 m<sup>2</sup>). Fiskeridirektoratet etterspurte og fikk oppgitt riktig størrelse i telefonsamtale og e-post 04.11.2022.</p> <p>Fiskeridirektoratet opplyste ved varsel om oppstart at den delen av planområdet som er i sjø ligger i et lokalt viktig gytefelt for torsk i Kjødpollen. Fiskeridirektoratet forutsatte derfor at konsekvensene for gytefeltet, tidlige livsstadier og gytesuksessen totalt sett for torsk ble nærmere vurdert og eventuelt tatt hensyn til. Fiskeridirektoratet kan ikke se at dette er tilfredsstillende ivaretatt i planbestemmelsene.</p> <p>Fiskeridirektoratet trekker frem at det er registrert en ålegresseng i det lokalt viktige gyteområdet for torsk. Ålegressenger og tareskogforekomster kan potensielle være oppvekst- og beiteområder for torskeyngel og andre arter.</p> <p>Fiskeriinteresser: Det er registrert et relativt stort område for passive redskap (garn) i Kjødpollen. Det strekker seg ca. 5 km fra utenfor Åheim og til innerst i Kjødpollen. Deler av det utvidede området ligger innenfor dette garnfeltet. Det er også et svært stort område for aktive redskap (snurpenot/ringnot og landnot) like ved planområdet. Dette er vurdert til å være av nasjonal verdi. I Selje kommune er det registrert flere låssettingsplasser for sei, sild og makrell.</p> <p>Med bakgrunn i de opplysninger som er gitt, fremgår det ikke at det er forhold som skulle tilsi at en detaljregulering som planlagt vil komme i vesentlig konflikt med kartlagte fiskeriinteresser, eller ha negativ påvirkning på bruken av fiskeområdene.</p> <p>I vår uttalelse til oppstart av planarbeidet ba Fiskeridirektoratet om at det må tas spesielt hensyn dersom det står låssatt fisk på låssettingsplassene, og at fiskeriaktørene må varsles før utfylling igangsettes. Dette er delvis ivaretatt i planbestemmelsene § 5.1 f).</p>	<p>Tas til følge. Det var oppgitt feil tal på beslaglagt sjøbunnsareal i dokumentet «Konsekvensutredning Naturmangfold – sjø». Det riktige talet er 58 500 m<sup>2</sup>. Feilen er retta opp i dokumentet.</p> <p>Tas til følge. Etter høyring og offentlig ettersyn er føresegnene endra slik at dei betre ivaretar gytefeltet for torsk. Det er lagt inn ei føresegn som seier at utfylling samt peling og/eller spunting av området ikkje skal skje i perioden 1. februar–1. juni. Det er i tillegg lagt inn ei føresegn som seier at det ved utfylling i sjø skal det gjerast tiltak for å avgrense spreining av partiklar i vatnet som kan skade yngelen i gytefeltet for torsk i Kjødpollen.</p> <p>Tas til orientering.</p> <p>Fiskeriinteresser: Tas til orientering.</p>
---	--

<p>Akvakultur: Det er ingen akvakulturlokaliteter i nærområdet. Den nærmeste er sjølokaliteten 12233 Stokkeneset, ca. 3,4 km nord for planområdet.</p> <p>Marint biologisk mangfold: Da det utvidede planområdet går betydelig lengre ut i sjøen enn det området som var skissert ved varsel om planoppstart, informerer Fiskeridirektoratet om at tiltaket i større grad vil berøre marint biologisk mangfold. Fiskeridirektoratet trekker frem gytefeltet for torsk i Kjøddepollen samt tareskogforekomster og ålegressengen i og ved tiltaksområdet.</p> <p>I planomtalen kap. 6.5 «Naturmangfoldlova §§ 8-12» sies det at «I dette tilfellet vil det i planlegging av utfylling verte teke omsyn til sesongmessige variasjonar i gyteområdet og anleggsarbeidet vil leggast utanom gyteperioda. Dette er sikra gjennom planen sine føresegner.» I kapittel 6.11 «Naturressursar» sies det også at «Føresegnene stiller krav om at utfyllinga av området skjer utom gyteperiode for torsk og er dermed vurdert til ikkje å påverke gyteområda.» Konsekvensgraden vurderast til å vere ubetydeleg.» Dette stemmer ikke med de planbestemmelsene som er sendt på høring, og medfører at vurderingen av konsekvensgraden trolig vil endres da et slikt krav var en forutsetning ved vurderingen.</p> <p>Fiskeridirektoratet viser «Vurdering av verknad» i planomtalen kap. 6.5 «Naturmangfoldlova §§ 8-12». Videre fastslår konklusjonen i planomtalen kap. 6.14 at «Det er viktig at utbygginga skjer i henhold til føresegnene til planen slik at dei negative konsekvensane for både landskap og biologisk mangfold minimerast.» Som Fiskeridirektoratet har påpekt er denne forutsetningen ikke ivaretatt i foreliggende planbestemmelser.</p> <p>I planomtalen kapittel 8 «Innkomne merknader» er vår uttalelse til planoppstart når det gjelder ivaretagelse av det lokalt viktige gytefeltet for torsk i Kjøddepollen og vår forutsetning om at en generelt for å verne egg og yngel bør vurdere at tiltak i sjø i dette området ikke blir igangsatt etter 1. februar og før tidligst 1. juni kommentert. Forslagsstiller uttaler at «Utbygging vil vere avhengig av framdrift på</p>	<p>Akvakultur: Tas til orientering.</p> <p>Marint biologisk mangfold: Tas til orientering.</p> <p>Tas til følge. Etter høring og offentlig ettersyn er føresegnene endra slik at dei samsvarer med informasjonen i planomtalen.</p> <p>Tas til følge. Etter høring og offentlig ettersyn er føresegnene endra slik at dei samsvarer med informasjonen i planomtalen.</p> <p>Tas til følge. Sjå tidlegare svar.</p>
---	--

	<p>byggeprosjektet for Stad skipstunnel. Det er svært lite ønskeleg med ei slik føresegn. Dette må avklarast i samband med søknad om utfyllingsløyve.»          Vår vurdering er som tidligere påpekt at dette med fordel kan fastsettes i planbestemmelsene. Noe det også i planomtalen og konsekvensutredningen for naturmangfold i sjø er tatt høyde for skal være et krav. Fiskeridirektoratet vurderer derfor ikke § 2.3 i reguleringsbestemmelsene som tilstrekkelig for å ivareta marint biologisk mangfold på en god nok måte, og spesielt gytefeltet for torsk.</p> <p>Planbestemmelser:          Fiskeridirektoratet kan ikke se at gytefeltet og tidlige livsstadier for torsk er tilstrekkelig ivaretatt i reguleringsbestemmelsene og vurderer derfor de foreslåtte reguleringsbestemmelsene som mangelfulle. Fiskeridirektoratet viser til sin uttalelse ved varsel om oppstart og informasjonen som ble gitt der.          Fiskeridirektoratet kommer med forslag til reguleringsbestemmelsene.</p> <p>Fiskeridirektoratet gjengir informasjon fra Havforskningsinstituttet (HI) som tilsier at man bør være varsom og unngå støy og oppvirvling av slam i gytesesongen.</p> <p>Fiskeridirektoratet vurderer at fastsettelse av tidsperioden for når eventuell utfylling og peling/spunting i sjø ikke skal skje, er viktig for å ivareta gytefeltet og tidlige livsstadier til torsk.</p> <p>Fiskeridirektoratet foreslår også at anbefalingen fra HI om at det generelt vil være et ønskelig tiltak med bruk av siltgardin for å hindre spredning av partikler i vannet som kan begrense skade på yngel som gjennom sommeren og utover høsten lever i oppvekstområder i nærheten av gytefeltet ivaretas. Eventuelt andre tiltak for å begrense partikkelspredningen mest mulig. Spesielt dersom tiltak gjennomføres innenfor omtalt tidsperiode. Dette vil også bli vurdert ved behandling av en eventuell søknad til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal om tillatelse til utfylling i sjø etter forurensningsloven.</p>	<p>Planbestemmelser:          Tas til følge. Sjå tidlegare svar.</p> <p>Tas til orientering.</p> <p>Tas til orientering.</p> <p>Tas til følge. Sjå tidlegare svar.</p>
<p>Kystverket,          19.10.2022</p>	<p>Kystverket viser til tidlegare innspel frå Kystverket. Etter kva Kystverket kan sjå, er desse innspela tatt omsyn til i planomtala. Kystverket har ingen andre planfaglege merknadar til saka.</p>	<p>Tas til orientering.</p>

	<p>Kystverket minner om at etablering av tiltak som kan påvirke tryggleik eller framkomme i farvatnet krev løyve etter havne- og farvannsloven § 14.</p>	
<p>Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE), 18.11.2022</p>	<p>NVE har <b>motsegn</b> (jf. pbl § 5-4) til planen. Grunnlaget for motsegna er at det ikkje er dokumentert tilstrekkeleg tryggleik for fare for områdeskred av kvikkleire og skred i bratt terreng for planområdet. Dersom Vanylven kommune syter for at plandokumenta vert oppdatert med dokumentasjon som svarar for våre merknader, fell grunnlaget for motsegna bort. Motsegna er forankra i NVE rettleiar 2/2017 «Nasjonale og vesentlige regionale interesser innen NVEs saksområder i arealplanlegging».</p> <p>Grunnforhold: Norconsult AS har i rapport datert 05.10.2022 gjort vurderingar av grunnforholda for planområdet både på land og i sjøen. Norconsult viser i vurderingsrapporten til at det er gjort grunnundersøkingar både på land og i sjøen. For området på land står det ei linje om at det ikkje er funne sprøbrotmateriale i undersøkingane (tre borepunkt). NVE meiner rapporten må innehalde ei drøfting av fare for områdeskred i samsvar med tilrådd prosedyre i NVE rettleiar 1/2019 <i>Sikkerhet mot kvikkleireskred</i> kap. 3.2, og med ein eintydig konklusjon på om det er fare for områdeskred eller ikkje.</p> <p>For planlagt fylling i sjøen er det gjort vurderingar knytt til stabilitet av fylling. Sjølv om det er sett krav i framlegg til føresegnar § 2.3 knytt til fylling i sjø, meiner NVE at det ikkje er tilstrekkeleg dokumentert at planen kan gjennomførast utan fare for områdeskred av kvikkleire. NVE viser til Kommunal- og distriktsdepartementet (tidlegare Kommunal- og moderniseringsdepartementet) sitt rundskriv H-5/18 om samfunnstryggleik i planlegging og byggesakshandsaming.</p> <p>NVE meiner at fare for områdeskred av kvikkleire på land må eintydig avklarast. Vidare må stabilitetsvurderingane for planlagt fylling dokumentere tilstrekkeleg tryggleiksfaktor for tiltakskategori K4, og vurderingane må kvalitetssikrast av uavhengig føretak. Før slik dokumentasjon ligg føre, meiner NVE at ROS-analysen for planframlegget ikkje stettar krava i rundskriv H-5/18 og er grunnlag for motsegn frå NVE. NVE fremjar motsegn til planen inn til fare for områdeskred av kvikkleire er tilstrekkeleg dokumentert og eventuelle krav for tiltak er innarbeida i plandokumenta.</p>	<p>Tas til følge. Plandokumenta og utgreiingane er oppdatert i etterkant av høyring og offentleg ettersyn med dokumentasjon som svarar for NVEs merknader.</p> <p>Grunnforhold: Tas til følge. Rapporten «Geoteknisk vurdering - utfylling i sjø» er oppdatert med ei drøfting av fare for områdeskred i samsvar med tilrådd prosedyre i NVE rettleiar. Det er også tilføydd ein eintydig konklusjon på om det er fare for områdeskred eller ikkje.</p> <p>Områdestabilitet er vurdert å være tilfredsstillande med dei anviste tiltaka beskrive i rapporten.</p> <p>Tas til følge. Områdestabilitet er vurdert å være tilfredsstillande med dei anviste tiltaka beskrive i rapporten. Det er dokumentert tilstrekkeleg tryggleiksfaktor for tiltakskategori K4 i stabilitetsvurderingane for planlagt fylling. Vurderingane er kvalitetssikra av uavhengig føretak. ROS-analysen er oppdatert i tråd med den oppdaterte geotekniske vurderinga.</p>

	<p>Skredfare i bratt terreng: Norconsult AS har i rapport datert 25.04.2022 vurdert reell skredfare i planområdet. Rapporten til Norconsult viser innleiingsvis til NVE sin rettleiar for kartlegging av skredfare i bratt terreng. NVE meiner det er forhold i rapporten som er mangelfullt dokumentert i høve til rettleiaren. NVE viser til at det manglar eigenerklærings skjema for kompetanse, kart som viser sporlogg og registrering av element som har verknad for skredfare. Klimaanalysen er ikkje i samsvar med rettleiaren, og drøftingar av ulike skredtypar kunne med fordel vore grundigare. For meir detaljar om desse forholda kan konsulenten ta kontakt med NVE.</p> <p>Eit vesentleg moment i rapporten er at kartleggingsområdet ikkje dekker heile planområdet, jf. fig. 20 m.fl. Slik NVE les skredfarevurderinga er det ikkje dokumentert at det ikkje er reell fare i søraustleg del av planområdet. NVE finn difor ikkje grunnlag for å ta stilling om planområdet har tilstrekkeleg tryggleik i samsvar med krava i TEK17 § 7-3, og at ROS-analysen for planframlegget ikkje stettar krava i rundskriv H-5/18. NVE fremjar <b>motsegn</b> til planen inn til fare for skred i bratt terreng er dokumentert for heile planområdet og i samsvar med krava som er sett i NVE sin rettleiar for kartlegging av skredfare i bratt terreng.</p> <p>Generelt: NVE ynskjer å få ein betre oversikt på område som er kartlagt for fare, og NVE har oppretta ei løysing for innmelding av rapportar på si nettside. NVE oppmodar kommunar om å sende inn rapportar og farekart for skredfare i bratt terreng, flaumfare og fare for kvikkleireskred. Informasjonen som NVE får inn vil bli brukt til å oppdatere farekarta i NVE Atlas. NVE ber også kommunane om å sende inn geotekniske rapportar til NADAG (Nasjonal database for grunnundersøkingar), jf. brev frå NVE til kommunane datert 27.11.2019.</p> <p>Prosessens vidare:</p>	<p>I samsvar med føresegnene, føresetast det at tiltak identifisert gjennom den geotekniske vurderinga vert fylgt opp i vidare utvikling av området.</p> <p>Skredfare i bratt terreng: Tas til følge. Skredfarevurderinga er oppdatert i etterkant av offentleg ettersyn med dokumentasjon som svarar for NVEs merknader. Kartleggingsområdet er oppdatert slik at det dekker heile planområdet. ROS-analysen er oppdatert i tråd med den oppdaterte skredfarevurderinga. Fare for skred i bratt terreng er dokumentert for heile planområdet og i samsvar med krava som er sett i NVE sin rettleiar for kartlegging av skredfare i bratt terreng.</p> <p>Generelt: Tas til orientering. Rapportar og farekart for skredfare i bratt terreng, flaumfare og fare for kvikkleireskred vil bli meldt inn på nettsida til NVE. Geotekniske rapportar vil bli sendt inn til NADAG.</p> <p>Prosessens vidare:</p>
--	---	---

	NVE informerer om prosessen vidare når det er fremja motsegn til planen.	Tas til orientering. Oppdaterte plandokument og utgreiingar vart oversendt til NVE 15.02.2024 med oppfordring om å trekke motsegna på grunnlag av utførte endringar.
<i>Statens vegvesen, 28.10.2022</i>	<p>I trafikknotatet går det frem at det ikkje er behov for gang- og sykkelveg langs fv. 620 da det er lite trafikk. SVV vil likevel påpeike at fartsgrensa på store delar av strekninga inn mot Åheim er 80 km/t og vegen har fleire uoversiktlege kurver. På grunn av mellom anna dårlege forhold for mjuke trafikantar mellom Thue og Åheim er det mellom lagt inn en strekning med gang- og sykkelveg. Det pågår detaljplanlegging av denne strekningen nå i regi av kommunen.</p> <p>Det er ikkje sikkert at bere arealformåla innanfor planområdet er tent med funksjonane det blir lagt opp til. Funksjonar som parkområde, badeplass, tursti, leikeplass, aktivitetsapparat kan ut frå kort avstand til Thue og Åheim føre til at lokalbefolkninga også ønsker å bruke området og slik generere ferdsel av mjuke trafikantar på strekninga. Da store delar av strekninga har generell fartsgrense utanfor tettbygd strøk og vegen har fleire uoversiktlege kurver, utgjer dette en ulykkesrisiko. Bruken av området vil også være størst i sommartida da det også er høgast trafikk på fylkesvegen. Trafikknotatet burde derfor ta for seg desse forholda og inngå i vurderingane om det er naudsynt med tiltak langs fylkesvegen før det blir lagt til rette for denne type utbygging.</p>	Tas ikkje til følge. Med tanke på at trafikkmengda langs fylkesvegen er såpass låg, er det ikkje krav om tilrettelegging for mjuke trafikantar, sjølv med ein fartsgrense på 80 km/t.
<i>Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, 05.12.2022</i>	<p>Statsforvaltaren informerer om sitt samordningsansvar for statlege motsegner til kommunale planar etter plan- og bygningslova. Statsforvaltaren informerer difor om at fråsegn til denne reguleringsplanen inneheld motsegn frå Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE). Både NVE og Statsforvaltaren fremjer motsegn mot planen knytt til samfunnstryggleik. Statsforvaltaren har i tillegg motsegn inntil avbøtande tiltak knytt til utfyllinga er nedfelt i planføresegnene.</p> <p>Statsforvaltaren har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:</p> <p>Planfagleg og KU: Planen vil krevje ei betydeleg investering, og plandokumenta må sikre at eit påbegynt prosjekt/utfylling faktisk blir gjennomført i samsvar med plan og at ikkje resultatet blir ei stor utfylling utan at vidare gjennomføring av tiltaket blir i tråd med planen. Statsforvaltaren rår difor til at det setjast vilkår om gjennomføring av</p>	<p>Tas til orientering.</p> <p>Planfagleg og KU: Tas ikkje til følge. Forslagsstillar forstår Statsforvaltaren's bekymring, men det er ikkje aktuelt å setje vilkår om gjennomføring av delområde før ein fyller ut vidare. Heile planområdet vil truleg bli fylt ut</p>

<p>delområde før ein fyller ut vidare, slik at ein så langt råd kan sikre seg mot dette. Statsforvaltaren rår til at ein først ferdigstiller nordleg del av området med FTU1 og 2 og så vidare i tillegg til badebukta, før ein fyller ut vidare den sørvestlege delen av området.</p> <p>Av estetiske omsyn og for å hindre utvasking av fyllmassane må det setjast krav til plastring av utfyllingane.</p> <p>Natur- og miljøvern (naturmangfald, landskap, friluftsliv, grønstruktur): For å minske dei uheldige konsekvensane av tiltaket for gytefeltet må føresegnene setje krav til både utfyllingstidspunkt og metode for å avgrense risikoen for spreieing av partiklar. Planomtalen gjer greie for nødvendige tiltak, men Statsforvaltaren kan ikkje sjå at føresegnene sikrar at gjennomføringa blir i tråd med desse. KU-en gir også råd om skadereduserande tiltak. Tiltaka er likevel ikkje innarbeidde i planføresegnene, men dette er tiltak som Statsforvaltaren meiner er rimelege med omsyn til fare for negativ påverknad av naturmangfaldet. Føresegnene må endrast slik at det stillast tydelege krav til både tidspunkt og metode, og Statsforvaltaren fremjar <b>motsegn</b> til planen inntil dette er innarbeida. Statsforvaltaren viser elles til Fiskeridirektoratet si uttale om konsekvensane av reduksjonen i utbreiinga av både ålegrasenga og tareskogførekosten.</p> <p>Samfunnstryggleik og klimatilpassing: Norconsult AS har vurdert skredfaren for planområdet i rapport datert 25.04.2022. Rapporten konkluderer med at planområdet tilfredsstiller tryggleikskrava for skred i bratt terreng fastsett i TEK17 § 7-3. Delar av planområdet i nordaust er ikkje inkludert området som er kartlagt for skredfare. Statsforvaltaren meiner derfor skredfaren avdekka i ROS-analysen ikkje er tilfredsstillande avklart for heile planområdet.</p> <p>Norconsult AS har vurdert grunnforholda i sin geotekniske rapport for Breivika småbåthamn, datert 5.10.2022. Rapporten konkluderer med at det bør utførast meir detaljerte grunnundersøkingar i område der det er påvist sprøbrotsmateriale. Statsforvaltaren minner om at reell fare skal vere avklart seinast på siste plannivå,</p>	<p>samtidig. Ei slik føresegn vil kunne vere til hinder for opparbeiding og ferdigstilling av området med masser frå Stad skipstunnel.</p> <p>Tas til følgje. Etter høyring og offentleg ettersyn er føresegna endra, og det stilles krav til plastring av utfyllingane.</p> <p>Natur- og miljøvern (naturmangfald, landskap, friluftsliv, grønstruktur): Tas til følgje. Etter høyring og offentleg ettersyn er føresegnene endra slik at dei betre ivaretar gytefeltet for torsk. Det er lagt inn ei føresegn som seier at utfylling samt peling og/eller spunting av området ikkje skal skje i perioden 1. februar–1. juni. Det er i tillegg lagt inn ei føresegn som seier at det ved utfylling i sjø skal det gjerast tiltak for å avgrense spreieing av partiklar i vatnet som kan skade yngelen i gytefeltet for torsk i Kjøddepollen.</p> <p>Samfunnstryggleik og klimatilpassing: Tas til følgje. ROS-analysen er oppdatert slik at den tar for seg heile planområdet.</p> <p>Tas til følgje. I etterkant av høyring og offentleg ettersyn er det gjennomført ytterlegare grunnundersøkingar i område der det er påvist sprøbrotsmateriale. Den geotekniske rapporten er</p>
---	---



	<p>og det ikkje er mogleg å skyve nærare avklaring av reell fare til byggesak. Kravet til ROS-analyse i pbl § 4-3 vil då ikkje vere oppfylt.</p> <p>Norconsult har utarbeid bølgeanalyse og hamneplan for Breivika datert 5.8.2022. Føresegn § 4.1. krev at «Nybygg innanfor faresona må ha dokumentert tryggleik mot bølgjepåverknad i samsvar med TEK17». Sidan det er vist til TEK17 skal det truleg heller stå «..tryggleik mot stormflod i samsvar med TEK17». Føresegna viser til bølgeanalysen for utdjuping av sikringstiltak, men Statsforvaltaren rår likevel til å sjå om føresegna kan formulerast enda klårare for å sikre bygningar mot stormflod og bølgjepåverknad.</p> <p>Statsforvaltaren meiner ROS-analysen er mangelfull og har <b>motsegn</b> til planen inntil reell fare for skred er avklara for heile planområdet og tilstrekkeleg tryggleik for områdeskred er dokumentert jf. pbl §4-3 og 28-1.</p> <p>Støy: Ifølgje planomtalen/støyutgreiinga er framtidige bruksføremål i planområdet ikkje omfatta av grenseverdiane i T-1442. Dette stemmer ikkje, då det opnast for etablering av fritidsbustader i planområdet. Plandokumenta må difor endrast med høve til støy, og det må sikrast at støyfølsamt bruksføremål er innanfor grenseverdiane.</p>	<p>oppdatert med funn og vurderingar frå grunnundersøkinga.</p> <p>Tas til følgje. Føresegna er endra til «..tryggleik mot stormflod i samsvar med TEK17». Det er gjort fleire endringar i føresegna for å gjere den klårare. Det er blant anna lagt inn ei innleiande setning som seier at faresona for flaumfare representerer nivået på ei 200-års hending for stormflod.</p> <p>Tas til følgje. Reell fare for skred er avklara for heile planområdet og tilstrekkeleg tryggleik for områdeskred er dokumentert.</p> <p>Støy: Tas til følgje. Støyutgreiinga og planomtalen er oppdatert med vurderingar knyta til etablering av fritidsbustader og grenseverdiane i T-1442.</p>
<p>Møre og Romsdal fylkeskommune, 24.11.2022</p>	<p>Merknader til planforslaget: Konsekvensutgreiing av marinbiologisk naturmangfald: Delområde <i>ålegraseng</i> er vurdert å ha stor verdi, påverknaden vil gjere den noko forringa med betydeleg miljøskade som konsekvens. Delområde <i>tarebiomasse</i> er vurdert å ha svært stor verdi, påverknaden vil gjere den noko forringa med noko miljøskade som konsekvens. Det kan verke ulogisk at tarebiomassen er vurdert såpass høgt og ikkje samstundes vurdert med ein betydeleg miljøskade som konsekvens.</p>	<p>Konsekvensutgreiing av marinbiologisk naturmangfald: Tas til orientering. Vurderinga av delområde <i>ålegraseng</i> og delområde <i>tarebiomasse</i> er riktig i samsvar med KU-metodikken. Under vises konsekvensvifta for dei to delområda. Kvit prikk representerer ålegrasenga, mens gul prikk representerer tarebiomassen. Et delområde med stor verdi og høgare grad av noko forringa, vil kunne hamne i kategorien betydeleg miljøskade, samtidig som et delområde med svært stor verdi og i nedre sjiktet av noko forringa, vil kunne hamne i kategorien noko miljøskade.</p>

Samferdsel:

Frisiktsoner:


Frisiktsoner som berre går over vegareal (fortau, gang- og sykkelveg, køyreveg, annan veggrunn), er tilstrekkeleg å vise som frisiktlinje. Frisiktsoner som går over annan person sin eigedom eller anna byggeformål enn vegformål, må i si heilheit visast som omsynssone i plankartet, og det må bli knytt føresegn til omsynssona. Planføresegn må tilpassast slik at det kjem klart fram kva som er lov innanfor frisiktsonene.

Fylkeskommunen har **motsegn** til planen fram til plankartet omfattar frisiktsonar i si heilheit, anten som linje eller polygon, alt etter som kva areal frisiktsona omfattar.

Avkøyrsl:

I føresegna blir veg ned til hamneområdet omtala som «offentleg tilkomstveg» og den er regulert med kode for offentlig veg (o\_sv1). Fylkeskommunen gjer merksam på at dersom dette skal vere ein offentlig veg, må køyretilkomsten til fylkesvegen regulerast i tråd med krava for «kryss» i N100. Dersom dette ikkje er tatt omsyn til, har fylkeskommunen **motsegn** til planen.

Det må bli knytt rekkefølgjekrav til opparbeiding/utbetring av avkøyrsl i tråd med vegnormalane.



Samferdsel:

Frisiktsoner:

Tas til følge. Plankartet er oppdatert med frisiktlinjer og omsynssoner for frisikt. I føresegnene er det lagt inn en føresegn til omsynssona.

Avkøyrsl:

Tas til orientering. Køyretilkomsten til fylkesvegen er regulert i tråd med krava for «kryss» i N100.

Tas til følge. Det er innarbeida rekkefølgjekrav til opparbeiding av avkøyrsla.

<p><b>Rekkverk:</b> Det er etablert rekkverk/autovern langs fylkesvegen. Fylkeskommunen gjer merksam på at rekkverk er sikthindrande og regulert avkøyrsl vil derfor ikkje tilfredsstillende siktkrava.</p> <p>Fylkeskommunen har <b>motsegn</b> til planen inntil det bli gjort tiltak som gjer at behovet for rekkverk fell bort, eller at rekkverk blir flytta utanfor frisisiktsonene. Dersom dette ikkje er mogleg, må det søkast om fråvik frå vegnormalane.</p> <p>Det er to alternativ for å imøtekomme motsegna:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Gjennomføring av tiltak slik at rekkverket kan takast bort eller bli flytta utanfor frisisiktsonene. Dette må bli omtala i planomtalen og sikra gjennom rekkefølgeføresegn.</li> <li>• Det blir søkt om og godkjent fråvik frå vegnormalane. Fråvik må vere godkjent før reguleringsplanen kan eigengodkjennast</li> </ul> <p>Ved endring på etablert rekkverk/autovern, må dette bli prosjektert og seinare utført av fagfolk med riktig kompetanse og erfaring i samsvar med N100, N101 og V160. Der fylkeskommunen stiller eksisterande veggrunn til disposisjon for tiltak, samt vil vere reell eigar av fylkesvegarealet etter overtaking (t.d. eigar av autovern/rekkverk), blir det stilt krav om gjennomføringsavtale med fylkeskommunen.</p> <p><b>Byggegrense:</b> Fylkeskommunen ber om at følgjande tekst blir teke inn i føresegna: "Der byggegrenser ikkje er vist, gjeld veglova og plan- og bygningslova § 29-4 om avstand frå veg, anna bygning og eigedomsgrense."</p> <p><b>Mjuka trafikantar og badeplass:</b> Fylkesvegstrekinga er noko uoversiktleg på staden og er ikkje tilrettelagt for ferdsl for mjuka trafikantar. Etablering av offentleg badeplass vil gjere det meir attraktivt å opphalde seg i strandsona i Breivika. Dårleg tilrettelegging for mjuka trafikantar på strekinga vil kunne føre til at fleire må å køyre til staden for å nytte badeplassen, og legge opp til aktiv bilbruk framfør grøn transport. Fylkeskommunen saknar ei nærare vurdering om det finst sentrumsnære område som kan nyttast som badeplass. Vidare stiller fylkeskommunen spørsmål om det,</p>	<p><b>Rekkverk:</b> Tas til følge. I samband med rekkefølgekravet om opparbeiding av avkøyrsl, presiserast det at eksisterande rekkverk langs fylkesvegen må tilpassast slik at det ikkje kjem i konflikt med avkøyrslas frisisiktsoner. Eventuelt kan det gjerast tiltak som gjer at behovet for rekkverket fell bort. I tillegg er arealet som er regulert til annan veggrunn - grøntareal langs fylkesvegen utvida slik at rekkverk kan etablerast utanfor avkøyrslas frisisiktsoner.</p> <p><b>Byggegrense:</b> Tas til følge.</p> <p><b>Mjuka trafikantar og badeplass:</b> Tas delvis til følge. I samband med utarbeiding av reguleringsplan for Åheim sentrum var moglegheita for utfylling vest om Rasmuspiren vurdert. Dette området kunne i tilfelle utviklast ca. som det som nå er foreslått ved Breivika. Det ble konkludert med at det ikkje var realistisk med en slik etablering i elvedeltaet; både pga. geotekniske utfordringar</p>
--	---

	<p>uavhengig av dette, er den beste plasseringa for bade plass med tanke på trafikktryggleik for mjuke trafikantar.</p>	<p>(elveavsettingar på kanten av et fjordstup) og naturtypar (knyta til elvedeltaet). Videre er det under 3 km frå Åheim sentrum til Breivika, og ÅDT på fylkesvegen tilseier ikkje at det ikkje skal være fullt mogleg å sykle frå Åheim sentrum til Breivika.</p>
<p><i>Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB), 10.11.2022</i></p>	<p>DSB informerer om at dei ikkje har kapasitet til å gå inn i alle mottekne plansaker, og dei har difor sendt deira generelle svar på slike saker.</p> <p>DSB informerer om at det er Statsforvaltaren som skal følgje opp at omsynet til samfunnstryggleiken er teken hand om i plansaker. Om det likevel er behov for direkte involvering av DSB i plansaka, bed DSB om at høyringa sendast inn til DSB på nytt med tydeleg oppgjeving av kva tilhøve det bedast om uttale frå DSB til.</p>	<p>Tas til orientering.</p>
<p><i>Mattilsynet, 02.11.2022</i></p>	<p>I samband med realisering av framlagte planer må tiltakshavar sørge for tilgang på tilstrekkelege mengder drikkevatt til ei kvar tid. Produksjon og distribusjon av drikkevatt må foregå i samsvar med krava i drikkevassforskrifta. I samband med rekkefølgjeføresegnene er det ei forventning om at det kjem konkrete avklaringar på val av vasskjelde og utforming/dimensjonering av teknisk anlegg på eit seinare tidspunkt.</p> <p>Mattilsynet minner om <i>Nasjonale mål for vann og helse</i>, 3. punkt. Bakgrunnen for den nasjonale målsettinga er at det vil kunne vere krevjande å drifte eit vassverk etter gjeldande krav i drikkevassforskrifta. På generelt grunnlag vil Mattilsynet poengtere at eit større felles vassforsyningssystem er å føretrekke framfor mange små separate med omsyn til kompetanse, drift og leveringstryggleik over tid. De må kartlegge mogelegheita for tilknytning til/samankopling av eksisterande vassforsyning(ar), jf. <i>Nasjonale mål for vann og helse</i>.</p> <p>Kommunane har eit overordna ansvar med sikre at alle innbyggjarane har tilgang på reint og nok drikkevatt. Det er viktig at Vanylven kommune har eit langsiktig perspektiv og heilskapleg forvaltning på dette punktet, forankra i kommunen sin arealplan.</p> <p>Det skal ifølgje den vedlagte ROS-analysen ikkje vere private vassforsyningar i planområdet som vil bli påverka av prosjektet. Det er vist til NGU og Mattilsynet sin</p>	<p>Tas til orientering.</p>

	<p>oversikt over drikkevasskjelder. Mattilsynet minner om at den nasjonale oversikten p.t. ikkje er fullstendig. På landsbasis finst det mange små vassforsyningssystem som førebels ikkje er registrert hos oss. Tiltakshavar må sjølv ved behov gjennomføre ei kartlegging og iverksette eventuelle tiltak for å hindre at lokale vasskjelder blir forringa som følgje av utbygginga.</p>	
<p><i>Tore Høybakk, 14.09.2022</i></p>	<p>Høybakk opplyser om at han ikkje var klar over at eigendommen hans, gnr./bnr. 72/5, er omfatta av reguleringsplanen. Høybakk har ikkje blitt forespurt av noken om at dette prosjektet skulle inn på hans eigedom. Han trudde at dette prosjektet var på eigendommen til dei som er initiativtakarane for dette, men han ser at reguleringsgrensa ikkje er inn på Arnfinn Eriksen sin eigendom i det heile tatt, slik han har forstått det skulle vere. Høybakk informerer om at han ikkje er imot prosjektet, men han er ikkje interessert i gi vekk eigedom då han har egne planar for den.</p>	<p>Tas til orientering. Avkøyrsla til området er planlagt flytta omlag 30 m nordover langs fylkesvegen for å oppnå tilfredsstillande sikt etter krav frå Statens vegvesens vegnormal N100 <i>Veg- og gateutforming</i>. Planlagt avkøyrsel og tilhøyrande sideareal ligger innanfor eigedom gnr./bnr. 72/5.</p> <p>Alle grunneigarar innanfor planområdet vart varsla om oppstart av detaljregulering av Breivika hamn med brev i januar 2022. I brevet vart det presentert eit kart som viste avgrensinga av planområdet.</p>